

Uttalelse til reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med på å danne grunnlag for videre behandling i kommunen.

Uttalelsen gjelder:

Navn på reguleringsplan: Lindås gravplass Nedre, gnr. 108, bnr. 627 m.fl.
Planident: 4631_2023002
Kommune: Alver

Forslagsstiller:

Navn: ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Organisasjonsnummer: 879951542

Plankonsulent:

Navn: ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Organisasjonsnummer: 879951542

Varsel er mottatt av:

Navn: ALVER KYRKJELEGE FELLESRÅD
Telefonnummer: 40001691
E-post: post.alver@kyrkja.no

Adresse:	Gårdsnr.:	Bruksnr.:
	108	522
Adresse:	Gårdsnr.:	Bruksnr.:
	108	586

Uttalelse:

Du kan skrive din uttalelse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Uttale fra Alver kyrkjelege fellesråd.

AU til fellesrådet har vurdert reguleringsplanarbeidet, og vil gi ei kort uttale. Vi har óg mottatt ei uttale frå Lindås sokneråd, som er lagt ved nederst i denne meldinga.

Fellesrådet støttar det planarbeidet som no er starta. Det er viktig at vi kan få ei løysing raskt, og vi trur denne planen kan bidra til ei god løysing.

Det er bra at planen tar med heile området, ikkje berre sjølv gravplassen som er planlagt. Det kan sikre ei god og langsiktig løysing.

Fellesrådet tar til etterretning at fylkeskommunen vil gje innsigelse til innkjøring frå Fonnebustvegen, og støttar at det blir planlagt innkjøring frå Kolåsvegen. Vi håper løysinga med lågare fartsgrense ikkje skaper problem med busslomme og siktgrense, som tidlegare.

Uttale frå Lindås sokneråd til oppstart av planarbeid Lindås gravplass Nedre.

Lindås sokneråd har vore involvert i planarbeidet i heile soknerådsperioden vår, og har vore urolege for manglande oppstart og gjennomføring av bygging av gravplass på Lindås.

Vi har vore informerte om behovet for endring av innkøyrsla til gravplassen til nordsida av plassen grunna trafikkale tilhøve i opprinneleg plan. Vi er også klår over at det er krefter i Lindåsbygda som sterkt ønsker innkøyring frå sørsida og prosesjonsveg ned Fanebustvegen.

Etter Lindås sokneråd sitt syn er det av mindre betydning om inngangen til gravplassen kjem frå nord eller sørsida, så lenge det er god og sikker prosesjonsveg til plassen. Det er av mykje større betydning at endeleg planarbeid no blir ferdigstilt og at bygginga av gravplassen kjem i gang så fort råd er. Prosessen har så langt vore altfor langvarig.

Soknerådsmedlemene har fått tilsendt og gått igjennom planarbeidet og planforslaget som no ligg føre, og soknerådsleiar har fått fullmakt til å skrive uttale frå soknerådet. Etter vårt syn vil vi få ein god og tenleg gravplass for bygda med den skissa som er presentert.

Uttalen vår blir sendt Alver Kyrkjelege Fellesråd som tilfang til fellesrådet si uttale som part i saka.

Hundvin, 20 06 23

May Hundvin
soknerådsleiar

Signert av

JOHN FREDRIK WALLACE på vegne av ALVER KYRKJELEGE
FELLESRÅD

26.06.2023

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.